

MØTEREFERAT

PROSJEKT Kommunedelplan for Gol sentrum, planID 2018001	PROSJEKTLEDER	DATO 18.01.2018
PROSJEKTNUMMER 50721001	OPPRETTET AV Signe Vinje	
STED Gol kommune	DATO 17.01.2018	TID 12.00- 17.40
DELTAKERE Svein Eide, Hanne Cecilie Nes, Staffan Landsmann-Wiwe, Elin Tangen	Gol kommune	
Espen Motzfeldt Drange, Signe Vinje	Sweco	

Kommunedelplan for Gol tettstad - arbeidsmøte

Namn: Planen skal heite kommunedelplan for Gol tettstad.

Gjennomgang av konsekvensutgreiinga

Espen og Signe hadde ein gjennomgang av konsekvensutgreiinga: Dei viktigaste tilpassingane er knytt til:

- Innspel 2: Ingen endring i føremålet. Løysingane må avklarast på eit lågare plannivå, og sjå på heile trafikkavviklinga frå rundkøyringa, både i Sentrumsvegen og Gymnasvegen. Rette opp skrivefeil under eksisterande arealbruk.
- Innspel 6: Omtale VA
- Innspel 7: Omtale VA. Vise i konklusjonen at bustadområde som gjeng ut av eksisterande plan. Endre namn til vestre Tuppeskogen.
- Innspel 10: Omtale VA, skred og etablert leikeplass. Rette opp skrivefeil under «reguleringsplan»
- Innspel 17: Vise til at det ikkje er nokon endra situasjon etter førre reguleringsrunde
- Innspel 21: Endre konklusjon: Parkering til Gol skule. Omtale VA og overvatn. Sjekke VA-plan for Petterbråten.
- Innspel 22: Spørsmål om full utbygging eller fullt jordvern. Kommunen skal kome med tilbakemelding.
- Innspel 24: Omtale eksisterande næringsareal utanfor planen.
- Innspel 26: Omtale status på ridebanen

Oppfølging: Gol kommune sender VA-plan for Petterbråten. Sweco rettar opp konsekvensutgreiinga.

Gjennomgang av plankartet datert 21. desember 2017

- Bustadføremål vedteke i Hallingmoplanen skal inn
- Tilkomstveg for Leirhaugen skal visast med pil
- Breidokk aust: Alt som bustad
- Petterbråten: Parkeringsareal

- Rett og fornuftig nummerering på eksisterende og nye utbyggingsområde
- Tilpasse planavgrensinga til vedtekne reguleringsplanar og utbygde område
- Rette opp omsynssone og bandleggingssoner for kulturminne. Frigjorte kulturminne kan ut.
- Legge inn ny tilkomstveg til Gol sentrum
- Rette opp bandleggingssone etter lov om naturmangfaldslova
- G3 utgår som bandleggingsområde
- Legge inn omsynssone friluftsliv etter innspel

Elles: Rette opp i samsvar med tidlegare skriftlege innspel frå Gol kommune og skrivefeil.

Oppfølging: Gol kommune sender inn data for ønska omsynssoner og kartgrunnlaget for ny tilkomstveg. Sweco rettar opp plankartet.

Gjennomgang av føresegnar, sendt til Gol 21. desember 2017

Gjennomgang av føresegnene og vurderingane frå Gol kommune. Dei viktigaste grepa:

- 1.1. Legge inn krav om tilkopling til offentleg VA-nett
 - 1.1.2: Vurdere krav om felles regulering eller sikre felles utbygging i sentrum (vurder også i jf. 3.4.1)
 - 1.3.2: Overvasshandtering innanfor planområde
 - 1.4.1 Vise til igangsettingsløyve for bygningar etter at infrastruktur er etablert.
 - 1.10.1: Legg inn tekst om skilting frå Gol
- 2.1: Finskrive og tydeleggjere forslaget for utnyttingsgrad og tettleik
 - 2.1.1 h: Justere tekst for frådeling, ta inn omsyn til VA.
 - 2.1.1 i: Viko/Nøbbelie: Sikre skredvurdering
 - 2.1.1 j: Garasje 50 m², 4,5 m mønehøgde
 - 2.1.4: Legge inn tekst frå Gol
 - 2.1.5 e: Presisere omsyn for Leirhaugen (tilkomstveg, ikkje massetak)
 - 2.1.5 og 4.2: Varer som naturleg høyrer heime i sentrum blir ikkje tillate.

Elles:

- Legge inn innspel sendt på e-post frå Gol kommune
- Omtale føremålet idrettsanlegg
- Kutte og forkorte ein del tekst etter avtale

Oppfølging: Sweco rettar opp føresegnene

Vegen vidare:

- Kommunen ber om regionalt planforum 7. mars.
- Forventa politisk handsaming blir i mai.
- Utlegging til offentleg ettersyn før sommaren. Det må leggest inn nok tid til avvikling av sommarferie.

Sweco rettar opp framdriftsplanen. Dokument til planforum (føresegner, planomtale og plankart) blir levert før 19. februar.

Referent: Signe Vinje

Godkjent av: Svein Eide